

**Trimdronninga til Uskedalen**

10.10.2011

**Trimdronninga Kari Jaquesson kjem hit torsdag 3. november for å gjera oss sprekare. Grunnen til at akkurat Uskedalen får besøk er at triminstruktørane Hege Vee Nytun og Wenche Anfinsen deltok i ei trimveke med Kari og dei vart så inspirerte at dei inviterte henne hit. Og på programmet hennar her står to treningsøker i Aktivitetshuset og føredrag om motivasjon, helse og kosthald.**

Besøket blir runda av med lett servering på Systrene Nilsen om kvelden.

Kari har fått ein solid posisjon ikkje minst etter at ho gjev tips om trening og kosthald i God Morgon Norge på TV2

Studer plakatane og meld deg på!